

Møteprotokoll

Utval:	Styret for Fagskulen Vestland
Møtestad:	Måløy
Dato:	02.09.2022
Tid:	Kl. 12:45 – 15:15

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Leiar	Eigar (A)
Rosalind Fosse	Medlem	Eigar (FrP)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Ann-Kristin Kristoffersen	Medlem	Arbeidsliv (NHO)
Nils Petter Støyva	Medlem	Arbeidsliv (LO)

Følgjande faste medlemer melde forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigurd Reksnes	Nestleiar	Eigar (Sp)
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	Eigar (H)
Sjur Inge Veim	Medlem	Tilsette
Petter Reistad	Medlem	Studentar

**Følgjande varamedlemer vart innkalla,
men hadde ikkje høve til å stille:**

Namn	Møtte for	Representerer
Alexander Fosse Andersen	Reksnes	Eigar (Sp)
Jan Rune Fossheim	Øvre-Flo	Eigar (FNB)
Gunnar Barmen Solvåg	Veim	Tilsette
Per Arne Nygård	Reistad	Studentar

Merknader

Ekstraordinært styremøte.

Følgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Adeline B. Landro	Prorektor organisasjon og samhandling
Ingrid Fagerheim Sættem	Rådgjevar
Tor Ivar Sagen Sandvik	Seksjonsleiar kompetanse

Følgjande frå administrasjonen melde forfall:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Avdelingsdirektør opplæring og kompetanse

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 10/22	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 11/22	Godkjenning av møteprotokoll frå 24.06.2022	2022/486	

Referatsaker

RS 09/22	Rekneskap 2. kvartal 2022 for Fagskulen Vestland – Fagskolen i Hordaland	2022/486	
RS 10/22	Rekneskap 2. kvartal 2022 for Fagskulen Vestland – Fagskolen i Sogn og Fjordane	2022/486	

Vedtaksaker

VS 21/22	Høyringsfråsegn – Rapport om finansieringssystemet for fagskular	2022/486	
VS 22/22	Løyve til å søkje NOKUT om ny utdanning – Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre 30 stp.	2022/486	
VS 23/22	Flytting av studiestad Måløy sine lokale til Peak Måløy	2022/486	

Godkjenningssaker

GK 10/22 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 02.09.2022

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 11/22 Godkjenning av møteprotokoll frå 24.06.2022

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 02.09.2022

Møteprotokoll vart godkjent utan merknader.

Habilitet

Ingen av medlemmene vart vurdert som ugild.

Referatsaker

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 02.09.2022

Styret for Fagskulen Vestland tok referatsakene til orientering.

Vedtaksaker

VS 21/22 Høyringsfråsegn – Rapport om finansieringssystemet for fagskular

Forslag til vedtak

1. Det vert gitt høyringsfråsegn til rapport om finansieringssystemet for fagskular slik det kjem fram av saka.

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 02.09.2022

Representanten Kristoffersen sette fram forslag til nytt punkt 9 i høyringsfråsegna som følgjer:

«Styret i fagskolen kan ikke slutte seg til tilrådingen slik den foreligger. Partene i arbeidslivet gjør særlig oppmerksom på at både bransjeprogram og industrifagskolen er et direkte resultat av forhandlinger innenfor frontfagmodellen. Denne ordningen er avtalefestet mellom myndighetene og partene i arbeidslivet, LO og NHO. Siden denne delen av etter- og videreutdanningen er parts-styrt påpeker styret i Fagskolen at midlene ikke uten videre kan overføres til fylkeskommunen. Dette vil være i strid med godt trepartssamarbeid.

Styret mener det bør ses særlig på hvordan bransjeprogram, i samarbeid med Fagskolen kan styrkes og gjøres mer forutsigbar.»

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak, med Kristoffersen sitt forslag til nytt punkt 9 i høringsfråsegna, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det vert gitt høringsfråsegn til rapport om finansieringssystemet for fagskular slik det kjem fram av saka, men med følgjande endring i punkt 9 i høringsfråsegna:

«Styret i fagskolen kan ikke slutte seg til tilrådingen slik den foreligger. Partene i arbeidslivet gjør særlig oppmerksom på at både bransjeprogram og industrifagskolen er et direkte resultat av forhandlinger innenfor frontfagmodellen. Denne ordningen er avtalefestet mellom myndighetene og partene i arbeidslivet, LO og NHO. Siden denne delen av etter- og videreutdanningen er parts-styrt påpeker styret i Fagskolen at midlene ikke uten videre kan overføres til fylkeskommunen. Dette vil være i strid med godt trepartssamarbeid.

Styret mener det bør ses særlig på hvordan bransjeprogram, i samarbeid med Fagskolen kan styrkes og gjøres mer forutsigbar.»

VS 22/22 Løyve til å søkje NOKUT om ny utdanning – Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre 30 stp.

Forslag til vedtak

1. Styret gjev løyve til å søkje NOKUT om akkreditering av utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» (30 stp.), med utdanningsform nettbasert med samlingar.

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 02.09.2022

Representanten Gadolin sette fram forslag til nytt vedtakspunkt 2 som følgjer:

2. Styret vedtek i tillegg til det som kjem fram av saka at opptakskrav til utdanninga kan også kan vere på bakgrunn av autorisasjon som sjukepleiar og vernepleiar.

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtakspunkt 1 vart samrøystes vedteke. Gadolin sitt forslag til vedtakspunkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret gjev løyve til å søkje NOKUT om akkreditering av utdanninga «Demensomsorg og psykisk helsearbeid til eldre» (30 stp.), med utdanningsform nettbasert med samlingar.
2. Styret vedtek i tillegg til det som kjem fram av saka at opptakskrav til utdanninga kan også kan vere på bakgrunn av autorisasjon som sjukepleiar og vernepleiar.

VS 23/22 Flytting av studiestad Måløy sine lokale til Peak Måløy

Forslag til vedtak

1. Styret tilrår at løysinga; flytting til Peak Måløy vert vedteke av fylkestinget. Dette vil styrke både studiestaden og utvikle nye utdanningar i tett samarbeid med arbeidslivet og andre høgare utdanningsinstitusjonar.

Styret vil understreke at det er særst viktig at studiestad Måløy så fort som mogleg får nye lokale, både av omsyn til arbeidsmiljøet for dei tilsette, men også i høve til rekrutteringa til utdanningane.

Saksprotokoll i styret for Fagskulen Vestland – 02.09.2022

Rektor tilrådde at forslaget om å flytte studiestad Måløy til Peak Måløy ikkje vart vedteke av styret. Representanten Gadolin sette fram forslag til nytt vedtakspunkt som følgjer:

1. Styret tilrår å gå vidare med løysing i tråd med alternativ 1 i Norconsult sin moglegheitsstudie.

Styret ser klare fordelar i begge alternativa, men har lagt vekt på fordelane knytt til at fylkeskommunen sjølv bygger og eig; framtidig fleksibilitet, kostnader, prosessrisiko og nærleik til viktige utdanningsfasilitetar som akvahall, opplæringsfartøy og simulatorar.

Fagskulen Vestland er særst opptatt av å vere ei viktig part i utvikling av samarbeid med lokalt næringsliv og viktige lokale aktørar i Måløy, samt i den større bu- og arbeidsmarknadsregionen. Styret har ein sterk målsetting om å utvikle utdanningstilbodet i regionen vidare, og vurderer også nye tilbod.

Styret vil særleg legge vekt på behovet for rask framdrift i prosjektet, samt at Fagskulen Vestland sine lokalitetar er klart skilt i frå den vidaregåande skulen. Det er viktig med tett brukarmedverknad og involvering av styret og studiestaden i den vidare prosessen, mellom anna i arbeidet med utarbeiding av rom- og funksjonsprogram.

I påvente av nye fasilitetar bør det settast inn midlertidige tiltak for å betre dei tilsette og studentane sine fysiske arbeidstilhøve.

Røysting

Gadolin sitt forslag til nytt vedtakspunkt vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret tilrår å gå vidare med løysing i tråd med alternativ 1 i Norconsult sin moglegheitsstudie.

Styret ser klare fordelar i begge alternativa, men har lagt vekt på fordelane knytt til at fylkeskommunen sjølv bygger og eig; framtidig fleksibilitet, kostnader, prosessrisiko og nærleik til viktige utdanningsfasilitetar som akvahall, opplæringsfartøy og simulatorar.

Fagskulen Vestland er særst opptatt av å vere ei viktig part i utvikling av samarbeid med lokalt næringsliv og viktige lokale aktørar i Måløy, samt i den større bu- og arbeidsmarknadsregionen. Styret har ein sterk målsetting om å utvikle utdanningstilbodet i regionen vidare, og vurderer også nye tilbod.

Styret vil særleg legge vekt på behovet for rask framdrift i prosjektet, samt at Fagskulen Vestland sine lokalitetar er klart skilt i frå den vidaregåande skulen. Det er viktig med tett brukarmedverknad og involvering av styret og studiestaden i den vidare prosessen, mellom anna i arbeidet med utarbeiding av rom- og funksjonsprogram.

I påvente av nye fasilitetar bør det settast inn midlertidige tiltak for å betre dei tilsette og studentane sine fysiske arbeidstilhøve.